

Saksbehandlar: Nils Mæhle
mne@hib.no

55587502

Vår dato: 08.10.2008
Dykkar dato:

Vår ref. 2006/992 - 0/031
Dykkar ref.:

Statsråd Tora Aasland
Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Samlokalisering av Høgskolen i Bergen

Vi viser til møte 05.10.08 med statsråden, og til framlegget til statsbudsjett for 2009.

Samlokaliseringsprosjektet er nemnt fleire gonger i budsjettframlegget på ein relativt vag og litt uforpliktande måte, t.d. slik på side 126: *"Regjeringen foreslår at samlokaliseringsprosjektet ved Høgskolen i Bergen blir sett i gang i 2010."*


Høgskulen har arbeidd med denne saka sidan etableringa i 1994. Som kjent var samlokalisering ein viktig premiss for høgskulereforma.

Etter mange år hadde Høgskolen i Bergen denne gongen rekna med ei endeleg avklaring av prosjektet. Vi ser at det ikkje er tilfellet, og er overraska og vonbrotne over budsjettframlegget 2009. Erfaring gjennom mange år med prosjektet har lært oss ikkje å ta noko for gjeve.

Høgskulen meiner det er viktig at prosjektet startar opp igjen og ført vidare i 2009, slik at det ikkje vert eit altfor langt opphald etter forprosjekt i 2005 og KS 2 i 2006. Vi vil difor ta saka opp med Stortinget i samband med behandlinga av budsjettet 2009.

Vi viser til dette, og ber om eit snarleg møte med statsråden for å få klarlagt kva formuleringane i budsjettframlegget inneber. For ordens skuld har vi lagt ved dei siste breva i saka. I tillegg til alle momenta som er nemnde i dokumentasjonen vår, vil vi trekkja fram to: 1. Finanskrisa, som dramatisk kjølner arbeidsmarknaden 2. Nokut-evalueringa av ingeniørutdanninga, som er svært kritisk til noverande bygningsmasse.

Med helsing


Eli Bergsvik
rektor


Nils Mæhle
høgskuledirektør

Kopi: Hordalandsbenken
Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg
Byrådsleiar Monica Mæland
Adm. direktør Marit Warncke, Bergen Næringsråd
Regiondirektør Tom Knudsen, NHO Hordaland
Statsbygg

Vedlegg